



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Havforskningsinstituttet  
Postboks 1870 Nordnes  
5817 BERGEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
Terje Van Der Meeren		40170/2018/U43	Arve Ingolf Slettvåg, 71 28 03 54	19.03.2018

## Førespurnad om fagleg vurdering av gytefeltgransking ved lokalitet Suholmen i Smøla kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at Havforskningsinstituttet utfører ei fagleg vurdering av gytefeltgranskingar som Åkerblå har utført på oppdrag frå SalMar Farming AS ved opprettslokaliteten Suholmen i Smøla kommune.

Møre og Romsdal fylkeskommune gav i brev av 16.06.2016 SalMar Farming AS mellombels løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Suholmen i Smøla kommune. I søknadsprosessen kom det fram opplysningar om at det var eit gytefelt for torsk i området. Med bakgrunn i det så vart det gjeve eit mellombels løyve for eit utsett med vilkår om at det vart utført ei gytefeltgransking.

Åkerblå AS utførte på oppdrag frå SalMar Farming AS i perioden 21.03.2017 – 27.04.2017 gytefeltgranskinga i til saman tre tokt og 13 stasjonar i området mellom Rønsøyskjæra og Bindingssvaet (Rapport P-M-17003).

Det er innhenta uttale frå Fiskeridirektoratet region Midt på rapporten frå Åkerblå AS. Fiskeridirektoratet slår fast at resultatane frå gytefeltgranskinga som blei utført mens det sto fisk i anlegget i første omgang ikkje kan nyttast til å vurdere kva slags påverknad anlegget kan ha på gyteområdet og gyteaktiviteten. Fiskeridirektoratet meiner rapporten styrker innsamla kystnære fiskeridata over gyteområdet og bidrar til å verifisere det registrerte gyteområdet.

Fiskeridirektoratet anbefaler at det blir gjort ei meir omfattande kartlegging av gyteområdet, med nærmare vurderingar av feltet og verdien av det der ein eventuell påverknad frå anlegget på gyteaktivitet og gyteintensitet blir belyst. Fiskeridirektoratet rådar til at det blir utført nærare vurderingar av samla belastning på marint biologisk mangfald i området, at utbreiing, eggproduksjon og verdivurdering av gyteområdet blir gjort. Fiskeridirektoratet råder til at dette arbeidet blir utført av Havforskningsinstituttet.

Basert på anbefalingane frå Fiskeridirektoratet har SalMar Farming AS saman med Åkerblå AS sett på muligheita for overvaking av området over ein lengre periode. SalMar Farming AS har engasjert Åkerblå AS på nytt og arbeidet med ein ny gytefeltgransking er i gang. Lokaliteten vart tømt for fisk i månadsskiftet januar/februar i år og nytt utsett er ikkje planlagt for i juli i år. Rapport over gytefeltgranskingar i 2018 vil bli sendt så snart den føreligg. I følgje SalMar kan ytterligare gytefeltgranskingar seinare år vere aktuelt viss det blir sett på som naudsynt.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber med dette Havforskningsinstituttet om fagleg vurdering basert på Fiskeridirektoratet sine anbefalingar av gjennomført og pågåande gytefeltgransking ved lokalitet Suholmen i Smøla kommune.

Med helsing

Birgit Aarønæs  
seksjonsleiar

Arve Ingolf Slettvåg  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Vedlegg:

Åkerblå AS Rapport nr P-M-17003 datert 29.06.2017

Brev frå Fiskeridirektoratet region Midt datert 05.02.2018

Kopi:

Fiskeridirektoratet region Midt	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
SalMar Farming AS	Industriveien 51	7266	KVERVA